

TEMA: Den gloynde saga ②27, Bønder og busetnad ③37, Folkekunsten ④127

KART: ④431

Vangdal

BONDERUNER I KVAM

På eit gammalt feleskrin frå TØRVIK-BYGD, datert 1785, er det innskore med kniv eit heilt runealfabet. Dette er ikkje den einaste staden runer dukkar opp i den seine tradisjonen i desse bygdene i Kvam. Mellom golvbjelkane i ei løe på Aksnes ligg det ein bjelke med tydelege runer skorne inn på den eine flatsida. Restar av rune Brett med innskorne alfabet er kjende frå fleire gardar, og etter kvart stig det fram for oss ein lokal tradisjon med det vi kan kalla «bonderuner»; brukte som «løyndespråk» ved kjøp og sal av batar og andre varer. Tradisjonen fortel at hardangerjektene kunne ha eit slikt rune Brett montert på ein høveleg stad om bord, som førebilete. Det tyder vel på at dette neppe kan vera nokon gammal tradisjon. Det har vore spekulert mykje på kva bakgrunn denne seine bruken av runer kan ha. Det er mest nærliggjande å tenkja seg at denne tradisjonen har eit litterært grunnlag, på bakgrunn av OLE WORMS runepublikasjon på 1600-talet som fornyar kjennskapen til og interessa for runer. Det er likevel eit faktum at det gjer seg gjeldande seine runetradisjonar på Bryggen, heilt fram på 1400-talet, og det er førebels eit spørsmål ingen har kunna svara på om det heilt kan utelatast at det kan vera tale om ein sein runetradisjon som gradvis går i gloyme utover på bygdene.



Skautet hadde konene med seg i eit «skautaskrin» når dei fór til kyrkje; eit gaveskrin som jentene fekk frå friaren når dei skulle gifta seg. Ikkje overraskande er difor skautaskrina i Hardanger – i området for det gamle faldaskautet – dekorerte med motiv som knyter seg til bryllaup og ekteskap: ektepar på veg til kyrkja i firhjuls karét,

Ved Salthamaren i VANGDALSBERGET skal det ein gong i tida ha vore brent salt, og djupe kollag i jorda syner at her har vore gjort opp eld mange gonger. Men dei var neppe saltbrennarar dei første som gav seg til ber. Nokre av dei rita figurar inn i berget. På toppen av hamaren, ytst på stupet, hogg ein flokk steinalderjegerar dyrebilete. Meir enn 1500 år seinare teikna bronsealderbønder skipsfigurur ved bergfoten. Begge desse kunstverka – mellom dei eldste i Hordaland – kan ein framleis sjå, innhogne i berget på Salthamaren.



Veideristningane ligg på toppen av Salthamaren.

Ristningane på toppen av berget høyrer til hovudgruppa «veideristningar» (②27). Ein meiner dei er frå steinalderen, og at dei kan vera 5000 år gamle eller meir.

Her er fleire dyrefigurur, men berre to av dei er no fullstendige. Den eine tykkjest vera ein elg, den andre ein hjort. Figurane er hogne med sikker hand og syner at kunstnaren langt på veg hadde evne til å gje att dyrekroppane anatomisk korrekt.

Difor må ein undra seg over at eit par menneskefigurur som finst på same feltet, er teikna så hjelpelaust naivistisk. Hoggeteknikken er den same, og det er liten grunn til å tvila på at dei er frå same tid som dyrefigurane. Er det ein mindre dugande «kunstnar» som har prøvt seg her? Eller kan det vera slik at menneskefigurur skulle teiknast på denne måten?

Figurane ved foten av hamaren er av eit

heilt anna slag og høyrer til eit anna folk. Dette er «jordbruksristningar» frå bronsealderen. Dei kan vera kring 3000 år gamle (③37).

Her skal vera 22 figurur i alt, mest skip. Av desse er 11 sikre og tydelege, medan 8 no berre er restar, der delar av kjøliner, relingsliner eller «mannskapsstrek» kan skimtast. Vidare finst eit par enkle ringfigurur og ei einaste skålgrop.

Det er heilt uvanleg i vårt land at eit og same berg har ristningar frå begge dei to hovudtradisjonane i «bergkunsten». I så måte er Salthamaren eit sjeldsynt unntak. □



Jordbruksristningane ved foten av hamaren.

SKAUTASKRINMÅLARANE

FALDASKAUTET er ein karakteristisk del av hardangerbunaden.

mann og kone, ryttermotiv og store firbladrosar i alle slag fasongar og format; utan tvil med ein lukkefremjande symbolverdi (④130). Skautaskrin i tusental har vore spreidde utover hardangerdistriktet; på 1700-talet med skoren dekor og frå kring 1800 måla i vakre, fargeglade former. Det er den storlagde rankedekoren frå blombarokken som er motivkjelde for desse målarane i Kvam tidleg på 1800-talet; rankar, rosar og ryttrar på sinoberraud botn. Den leiande av dei var PER ANDERSSON ÅRHUS (1757/58–1831).